



UKM 03/21 Val

På ungdommens kyrkjemøte skal det være fleire val. Innstilling frå Valkomiteen vil leggjast fram for UKM under møte. Valkomiteen som ble valt på UKM 2020 har vært Silje Håve Smørvik, leiar.

Ingrid Olsen, medlem

Amanda Anvar, DnkU representant.

Informasjon frå valkomiteen

Ønskjer du å stille til val, eller ønskjer du å nominere ein kandidat?

Fristen for å stille til val er søndag 10.oktober klokken 10:00.

Ta kontakt med valkomiteens leiar om du ønskjer å fremja forslag på kandidat eller stille til val sjølv.

Valkomiteen gjer oppmerksom på at alle kandidatar må være spurt på forhånd. Berre kandidatar som er delegatar på UKM 2021 kan stille til val.

Under presenterast de val som UKM 2021 må gjere:

Val av tre representantar til Kyrkjemøtet i 2022

Kyrkjemøtet er det øvste representative organet i kyrkja og blir av somme kalla kyrkjas «Storting». UKM sender fire representantar til å delta på Kyrkjemøtet i Trondheim 21. – 26. september 2022. UKM-delegatane møtast dagen før Kyrkjemøtet startar. Ein av desse fire representantane er leiar av DnkU, som veljast for seg. Dei tre andre skal veljast i dette valet, med vara.

Det skal veljast

Tre representantar frå UKM til Kyrkjemøtet 2022:

Tre vara frå UKM til Kyrkjemøte 2022:

Val av Den norske kyrkjas ungdomsutval

Den norske kyrkjas ungdomsutval (DnkU) skal være Den norske kyrkjes rådgivande organ i saker som angår unges situasjon i kyrkje og samfunn, både nasjonalt og internasjonalt samt hjelpe ved førebuing og gjennomføring av Ungdommens kyrkjemøte. Utvalet kan også på ega initiativ ta opp aktuelle saker innan sitt område. DnkU består av åtte medlemmer valt av og blant Ungdommens kyrkjemøte. Det er særskilt val på leder. Funksjonstida er på to år.

I løpet av året har DnkU opptil 10 møtedagar, og møta blir normalt haldne på kvardagar i Kirkens hus i Oslo. I tillegg til dette har DnkU kvart år ei sentral rolle under UKM, som varer 5 dagar. Ein må vere budd på å setje av om lag 15 dagar årleg til dette pluss tid til førebuing av møta. DnkU arbeider jamt mellom møta, og representerer ungdom i Den norske kyrkja ved ulike høve. Reisekostnader vil bli dekte.

Det skal veljast

Fire faste medlem av DnkU



DEN NORSKE KIRKE

Ungdommens kirkemøte 2021



Valkomiteen

Valkomiteen til Ungdommens Kyrkjemøte 2022 har ansvar for å skaffe kandidatar til vala som skal skje der. Til somme val skal dei også levere ei innstilling, altså ei liste med prioriterte kandidatar i rekkefølge. Dei som skal sitje i valkomiteen kan ikkje stille til val på neste års Ungdommens kyrkjemøte, korkje som medlem til DnkU, eller representant til Kyrkjemøtet 2022. Det er høve til å ta attval til valkomiteen.

Valkomiteen til Ungdommens kyrkjemøte 2022 består av tre personar. Ein blir oppnemnd av DnkU, blant medlemmene i utvalet. Ungdommens kyrkjemøte vel ytterlegare to medlemmer til valkomiteen.

Det skal veljast

To representantar til valkomitéen for eitt år:

